

Møtereferat

Dato: 02.09.2015

Til stades:	Tom-Christer Nilsen Terje Søviknes Liv Kari Eskeland Gustav Bahus Tom Knudsen Roger Pilskog Signe Eikenes Knut Ekseth Helge Sandvik Thorbjørn Aarethun Matti Torgersen		
Forfall:			
Emne:	Kontaktutval for Hordfast - Referat frå møte i AU 1. september 2015	Sak:	2014/15115-64
Møtetid:	1.sept 2015 kl 9.30-11.00	Møtestad:	Stord Hotell

Møteleiar: Tom-Christer Nilsen

Sak 1. Orientering ved Signe Eikenes

Signe Eikenes, SVV, orienterte om høyringsfråsegn til planprogrammet for E39 Stord-Os, sjå vedlagte presentasjon. Det vart motteke 35 høyringsfråsegn til planprogrammet.

Framlegg til revidert planprogram etter høyring er utarbeida, og vil i løpet av september bli sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til godkjenning.

Arbeid med plan på kommunedelplannivå og konsekvensutgreiing pågår fram til våren 2016. Oppdrag i samband med arbeidet er tildelt ulike miljø. Det er lagt opp til høyring sommaren 2016.

Tema som vart gått igjennom i drøftinga var:

- Det er lagt opp til ein streng framdriftsplan som krev at dei ulike delleveransane vert levert innanfor tidsfristen.
- Grunna oppstart av mange planar generelt i landet, er det noko mangel på planmidlar, noko som krev streng prioritering av planmidlar. Dette er likevel ikkje spesielt knytt til planarbeidet med E39, men ei generell utfordring.

- Grunna m.a. auka krav til standard på veg samt sikkerheitskrav særleg til tunnellar, vil det bli ei kostnadsauke for vegprosjekt generelt, også for E39. Kontaktutvalet bad om at SVV utarbeidar eit oversyn over kva eventuelle kostnadsauke skuldast.
- Vegdirektoratet har i bestillingsbrev til NTP fått beskjed om å lage ein strategi for oppfølging av vedtak om gjennomføring av ferjefri E39. Dette vert det arbeidd med.
- Prosjekt som skal inn i handlingsprogrammet for NTP skal ha godkjend kommunedelplan. For strekninga E39 Stord-Os legg framdriftsplanen opp til at dette ligg føre innan Regjeringa legg fram st.prp. om NTP 2018-29.
- I NTP-prosessen er etatane blitt bedt om å leggje kost-nytte til grunn for kva prosjekt som skal prioriterast.

Sak 2. Tidleg avklaring av bompengesøknad for E39 Stord-Os

Utgreiing om bompengepotensialet frå SVV vart sendt ut saman med innkalling til møtet saman med notat om oppfølging av dette arbeidet.

Det vart semje om at framlegget til generell tilslutning til prinsipp for bompengesøknad vart sendt til dei berørte kommunane til uttale, før handsaming i fylkestinget. Det er dei nye kommunestyra som må handsame saka. Det vert lagt opp til ein frist i desember 2015, og sak leggjast fram i fylkesutvalet i januar.

Sak 3. Revisjon av handlingsprogram for kontaktutvalet

Revidert handlingsprogram vart sendt ut saman med innkalling til møtet.

Det vart beden om betre kommunikasjonen og å bruke sida www.hordfast.no meir aktivt.

Det vert gjort ei vurdering av om det skal utplasserast ei klokke med nedteljing til byggjestart i 2018 i vindauget til fylkesbygget.

Sak 4. Oppfølging av moglegheitsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Os-fylkesgrensa til Rogaland

Fylkesutvalet handsama 27. august sak om moglegheitsstudie for fylkesveggar knytt til E39 Os-fylkesgrensa til Rogaland. Det vart orientert kort om vedtaket.

Sak 5. Eventuelt

Samferdselsministeren kjem med kronikk om E16 og E39.

NHO legg fram Samferdselsløftet 3. september. Det er viktig å samordne arbeidet mellom dei ulike aktørane som arbeider for E39.

Ref: Matti Torgersen